

Arkivsak: 10/919
Løpenummer: 13/9258
Arkivkode: FA-T30
Saksbehandlar: Magne Instefjord

Saksnummer	Utval	Møtedato
082/13	Kommunestyret	17.12.2013

Modalen - Mongstad. Høgspenitraser 300 (420) kV - Høyring v/ Olje- og energidepartementet.

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Gulen kommune prioriterer dei ulike alternativa slik:

1. Jordkabling i Ildalen til kabelendepunkt nord for Fv 570.
2. Jordkabling i Ildalen til kabelendepunkt sør for Fv 570.
3. Ilandføring i Ildalen med kabelendepunkt ved sjøen.

Ilandføring i Postvågen gir den klart mest uheldige trasèen for Gulen kommune.

Gulen kommune oppmodar på nytt om at grunneigarane sine interesser vert nøye vurderte og teke omsyn til ved val av trasèalternativ.

Behandling i Kommunestyret 17.12.2013:

Røysting:

Samrøystes

KOM-082/13 Vedtak:

Gulen kommune prioriterer dei ulike alternativa slik:

1. Jordkabling i Ildalen til kabelendepunkt nord for Fv 570.
2. Jordkabling i Ildalen til kabelendepunkt sør for Fv 570.
3. Ilandføring i Ildalen med kabelendepunkt ved sjøen.

Ilandføring i Postvågen gir den klart mest uheldige trasèen for Gulen kommune.

Gulen kommune oppmodar på nytt om at grunneigarane sine interesser vert nøye vurderte og teke omsyn til ved val av trasèalternativ.

Sakstilfang

Vedlegg:

Tilråding til Olje- og energidepartementet vedk. 420 kV kraftleidning Modalen - Mongstad

Utdrag frå NVE sitt bakgrunnsnotat Modalen - Mongstad

NVE anbefalar

Kommunedelplan Sløvåg - Skipavika med føresegnar

BKK Nett AS - Høyring av NVE si innstilling vedk. 420 kV kraftleidning Modalen - Mongstad

Skriv frå grunneigarane på Steine og Ytre Haugsdal 15.05.09

Administrasjonen si saksutgreiing:

Bakgrunn:

Søknaden gjeld ei 300 – 420 KV kraftlinje med lengde 62,5 km der kostnaden totalt for tiltaket er rekna til 900 millionar.

Den delen av linja som går gjennom Gulen er rekna til om lag 3 km.

I samband med NVE si høyring gjorde Gulen kommune 15.02.2013 slikt vedtak:

Gulen kommune vurderer trasèen Alt 1 som den klart mest uheldige for Gulen kommune. Ilandsføringspunkt i Postvågen vil både vere til hinder for bustadfelt, jordbruk og for den verna postvegen gjennom Gulen. Dette alternativet er difor uaktuelt.

Gulen kommune prioriterer dei ulike alternativa slik:

- 1. Jordkabling i Ildalen til kabelendepunkt nord for Fv 570.*
- 2. Jordkabling i Ildalen til kabelendepunkt sør for Fv 570.*
- 3. Ilandføring i Ildalen med kabelendepunkt ved sjøen.*
- 4. Ilandføring ved Postvågen og linje forbi Hovden bustadfelt, vert vurdert som ikkje akseptabelt alternativ.*

Gulen kommune oppmodar om at grunneigarane sine interesser vert nøye vurderte og teke omsyn til ved val av trasèalternativ.

Fakta:

I NVE s Bakgrunnsnotat for innstilling er den delen av trasèen som berører Gulen skildra frå side 80 til 87.

Her går mellom anna fram:

Alternativet med ilandføring ved Postvågen er ikkje lenger aktuelt.

Det er no landa på ilandføring av sjøleidning i Ildalsvågen der det vidare er framsett 3 alternative linjeløysingar:

Luftlinje med kabelendemast nær strandsona.

Jordkabeltrase gjennom Ildalen, framsett i 2 alternativ, høvesvis 700 og 1000 m lange.

Alle skisserte alternativ vist i dette området kan kombinerast.

BKK Nett prioriterer alternativ 1.6 kombinert med det kortaste jordkabelalternativet.

Det vert på side 82 og 83 i notatet gjort greie for korleis leidningen er terrengtilpassa ned frå fjellet, over riksvegen og vidare ned Ildalen mot sjøen.

Med omsyn til busetnaden ved Ildalen innrømmer NVE at luftleidning vil verte eit nytt teknisk inngrep i dalen, men vurderer ikkje at dette vil gje vesentlege visuelle verknader.

Gulen og Masfjorden kommunar er begge opptekne av at ein leidning ikkje skal vere til hinder for framtidig utvikling i området.

NVE konstaterer side 84 at sørlegaste trase kjem i konflikt med areal som er avsett til utbygging i Ildalen. NVE påpeikar også at at det ikkje er vedteke reguleringsplan for dette området og at utviklinga difor er usikker. For utbygging i dette området er sett krav om reguleringsplan, og ei slik planlegging vil måtta ta omsyn til kraftlinjetraseen gjennom området.

Grunneigarar på Ytre Haugsdal og Steine har bede om at det vert teke omsyn til skogbruket. NVE vurderer den endringa som grunneigarane ynskjer som betre i høve til skogbruket men at skilnaden er relativt liten.

Ei framtidig omlegging av Fylkesvegen vil kunne medføre at kulvert eller røyr for jordkabel vil måtte forlengast. På denne bakgrunn ser ikkje NVE at ei framtidig omlegging av vegen vil vere eit argument for å velje det lengste kabelalternativet. Oppsumert vurderer NVE alternativ 1.6 som betre enn alternativ 2.6.

Det lengste jordkabelsettet er rekna å ha ein meirkostnad på 3,6 millionar i høve til det kortaste alternativet.

Alt i alt prioriterer NVE luftlinje gjennom Ildalen i staden for jordkabel sjå bakgrunnsnotat side 87.

I kommunedelplanen for området er linja planlagt gjennom område vist som A-03 i plankartet.

Det vert vidare vist til føresegner for området der det mellom anna er krav om reguleringsplan.

Vurderingar:

Gulen kommune sin utfordring vil vere å argumentere for å nytte jordkabel som alternativ til luftlinje opp Ildalen. Meirkostnadene med dette vil vere 13,8 millionar. Dersom kabelendemasta vert liggande nord for Fylkesvegen er kostnaden rekna til 17,4 millionar, dvs ein differanse mellom desse alternativa på 3,6 mill.

Det dyraste alternativet er både frå grunneigarhald og frå kommunen vurdert som det beste alternativet.

Gulen kommune sin utfordring vil vere å argumentere for om det det vil være rett å nytte 13,8 mill, alternativt 17,4 mill i meirkostnad i høve til luftspenn.

Argumenta mot å føre kabeltraseen nord for Fylkesvegen er:

1.Meirkostnad, her vil verte tilleggskostnader rekna til 3,6 mill.

2.Usikkerheit i høve til risiko for framtidige flyttekostnader; her har ikkje utbyggjar, så langt ein kan sjå, ikkje dette spørsmålet opp med Statens vegvesen.

Vidare er kopiert inn tekst frå saksutgreiinga ved førre høyringsrunde:

Ei kraftline som dette er eit omfattande prosjekt:

Denne typen anlegg vert fremja gjennom energiloven.

Til samanlikning har me veganlegg som vert fremja gjennom vegloven.

Kommunal og regional planlegging vert utført gjennom plan- og bygningsloven.

Det er sett avgrensingar for kva type tiltak som skal handsamast etter plan- og bygningsloven, og kva som skal handsamast etter anna regelverk, i dette høvet energiloven.

Sjå her sakshandsamingsforskrifta til Plan- og bygningsloven med vegleiing SAK kap 4.

Dei utgreiingane som ligg føre og for til saman 4 alternativ, (no 3 alternativ) skal gje godt nok grunnlag for val av kva alternativ som er det beste totalt sett for samfunnet. Her er mange omsyn å ta, men det kokar ofte ned til kostnader vurdert opp mot ulemper.

Som det går fram av høyringsdokumenta i førre runde er det så langt gjennomført «grovprosjektering».

Før realisering av eit av dei 4 (no er landa på 3) alternativa må utførast meir «detaljprosjektering». I høve til vurdering av korleis berørt eigedom kan utnyttast i ettertid, gjev prosjekteringa fram til no visse føringar:

Grunneigar kan til dømes køyre traktor langs vegen som går langsmed kabeltraseen, men kan ikkje utan vidare krysse denne med tung landbrukstraktor. Det vil også vere begrensningar i høve til bruk av utstyr som til dømes skogsvinsj.

Dersom det er ønskje om å nytte arealet kring ein kabeltrase til anna enn LNF- område, vil det verte kravd reguleringsplan.

I kommunedelplan for Sløvåg - Skipavik er opna opp for regulering, men under handsaming av denne planen er gjeve signal frå overordna plannivå, at det må påreknast motsegn mot nye tiltak i dette området, særleg i strandsona, dette vil vere avhengig av kva tiltak det vert søkt om.

Dersom så ein reguleringsplanprosess kjem fram til meir optimale løysingar som tener grunneigar / lokalsamfunn som medfører meirkostnader, vil desse kostnadene ikkje utan vidare verta dekkja av kraftlinjeprosjektet.

Argument for kabling:

Må sjå på samla forslag til linjespenn i kommunen – vindkraft, auka kapasitet til småkraft mm. Så langt kommunen har oversyn, er her ikkje kravd kabling av andre trasear.

Gulen kommune har fått liten / ingen del av folketalsveksten i landet. Vi må utnytte dei fordelane me har. Hovden Bustadfelt ligg nær store arbeidsplassar og er plassert i naturvakre omgjevnader. Eit linjespenn kan skremme folk frå å busetje seg i bustadfeltet (samt legge meir omfattande føringar på anna utnytting av området). Utfordringa her må vere å få eit anlegg best mogleg plassert i høve til omgjevnadene.

Innkomne merknader i samband med høyringa:

Gulen kommune har i samband med førre høyringsrunde motteke kopi av brev frå berørte grunneigarar kring traseen langs Ildalen.

Uttalen er lagt som vedlegg til denne saka.

Eigar av Gbnr 60/1 har pr telefon i samband med førre høyringsrunde vendt seg til kommunen for om mogleg få påverke utbyggar til ikkje å velje traseen A1.6, då dette alternativet gjev uheldig oppdeling / føre til driftsvanskar av eigedomen sitt skogsterreng.

Framtidig straumforsyning til Sløvåg.

Dette vart stillt spørsmål til og avklara i samband med førre høyringsrunde, og dette spørsmålet skal såleis ikkje vere relevant for denne aktuelle saka.

Framtidig straumforsyning til Skipavik.

På side 85, 2 avsnitt går fram at det vil ligge til rette å rive 132 kV linja. Dette må i så fall vurderast i høve til planar om å forsyne Skipavik næringspark med straum. Planar for kraftlinjetrase mot 2 parkar for vindmøller kan også påverke dette.

Konklusjon:

Ut frå samla vurdering vil administrasjonen halde fast på tidlegare prioritering i høve til val av alternativ, der det vert teke omsyn til dei avklaringar som er gjort undervegs etter siste høyringsrunde. Syner her til tilråding til vedtak.